



Lindås Rør & Sanitær AS  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6444 - 15/23613

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
17.08.2015

## Utsleppsløyve - felles avlaupsleidning for gbnr 148/2 m.fl. Litleskare

**Administrativt vedtak. Saknr: 336/15**

**Tiltakshavar:** Litleskare Avløpsanlegg  
**Ansvarleg søker:** Lindås Rør & Sanitær AS  
**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknaden om etablering av felles avlaupsanlegg/avlaupsleidning til sjø på gnr 148 Litleskare. Ny felles avlaupsleidning vil sanera eksisterande eldre avlaupsanlegg i området der avlaupet, etter reinsing i slamavskiljar, er ført til sandfilteranlegg eller infiltrasjon i grunnen. Kvar enkelt eigedom som er tilknytt anlegget skal nytta egne eksisterande slamavskiljarar. Leidningen skal førast ut på 25 m djupne.

Følgjande eigedomar skal knytast til den omsøkte felles avlaupsleidningen.

Gnr	Bnr	Type bygg	Tal
148	2	Bustad	1
148	3	Bustad	1
148	4	Bustad	1
148	7	Bustad	2
148	8	Bustad	2
148	9	Bustad	1
148	10	Fritidsbustad	1



148	15	Bustad	1
148	20	Bustad	1
148	21	Fritidsbustad	1
148	33	Bustad.	1
148	35	Bustad	1
148	40	Bustad.	1

Storleiken til utsleppet er opplyst til 33 pe, men då er ikkje 2 av eigedomane, gbnr 148/10 og 148/21 med, då dei berre har godkjend gråvassutslepp. Desse eigedomane vert ikkje knytt til før dei har godkjend utsleppsløyve for vassklosett, jf skriv datert 26.01.2015.

Det vert elles vist til søknad mottatt 05.09.2014.

Saka omfattar også søknad om dispensasjon mottatt 27.04.2015 og søknad om løyve til tiltak mottatt 07.05.2015.

### Planstatus

Tiltaket ligg i område avsett til LNF-føremål og dels innanfor 100-metersbeltet langs sjø. Tiltaket er også plassert innanfor byggjegrensa langs fylkesveg 404 og kommunevegen til Skarsvågen.

Det er gitt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø og løyve til tiltak i eige vedtak datert 17.08.2015, saknr 330/15.

### Nabovarsel

Det er søkt om fritak frå nabovarsling med slik grunngeving:

#### **Vil med dette søke om unntak etter Plan og Bygningslova § 20 – 1, vedr. nabovarsling**

Dette tiltaket vil kun foregå på eiendommer der både tiltakssted, samt nabo-eiendommer er eiet av medlemmer av Litleskaret Interimsstyret.

Da det er dette styret som står bak dette tiltaket, er samtlige underforstått med, og har akseptert de inngrep som vil foregå.

Eigedomane som er knytt til Litleskare avløpsanlegg er solidarisk ansvarlege for heile anlegget fram til slamavskiljaren på den enkelte eigedom. Grunneigareane som er berørt av tiltaket er alle medlemmar i Litleskaret Avløpsanlegg og har gjennom inngått avtale gjeve grunn for tiltaket. Kommunen vurderer at ytterlegare nabovarsling ikkje er naudsynt.

### Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 04.09.2014, mottatt 05.09.2014, som viser hovudavlaupsleidningen og revidert kart datert 30.03.2015, mottatt 27.04.2015, som viser hovudavlaupsleidning og stikkleidningar fram til den enkelte eigedom.

## **Reinseløysing**

Reinseløysinga tilfredsstillar krava til utsleppsstad i mindre følsamt område.

## **Privatrettslege tilhøve**

Tiltaket medfører kryssing av Fylkesveg 404 på to stadar. I samsvar med uttale frå Statens vegvesen datert 18.05.2015 krev kryssinga godkjend graveløyve.

Tiltaket kryssar også kommunal veg. Lindås kommune har 21.05.2014 gitt graveløyve.

Anlegget skal plasserast på medlemmane i Litleskaret Avløpsanlegg sine eigedomar og er ikkje avhengig av ytterlegare privatrettslege løyve.

## **Drift og vedlikehald**

Eigedomane skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga. Det er eit vilkår at slamtømming er mogleg på ordinære vilkår.

Slamavskiljarar tilknytt bustader eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for bustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

## **Vurdering etter naturmangfaldlova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Det er registrert fiskeriinteresser i området utanfor Skarsvågen. Kommunen vurderer at omsøkte tiltak er av ein slik storleik at det ikkje kjem i konflikt med desse interessene.

## **VURDERING**

Kommunen er kjend med at det er knytt utfordringar til avlaupssituasjonen i området. Området er ikkje utbygd med kommunalt kloakkanlegg. Eigedomane som søknaden omfattar har i hovudsak eldre og til dels ikkje fungerande avlaupsanlegg med slamavskiljarar der utslepp er ført vidare til sandfiltergrøfter eller direkte i grunnen.

Oppgitt storleik for det samla utsleppet synast noko låg i høve til kriteria for dimensjonering. Kommunen vurderer tiltaket som ei rehabilitering av eksisterande avlaupsanlegg og at tiltaket fell inn under reglane i forureiningsforskrifta kap 12. Tiltaket vil gje ei monaleg betring av situasjonen med omsyn til ureining i området og vert godkjend slik det er søkt om. Det er ein føresetnad at den delen av eksisterande avlaupsanlegg med slamavskiljar, som framleis skal nyttast for den enkelte eigedomen, er i forsvarleg stand. Det vert sett vilkår om at alle eigedomane skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Dersom nye eigedomar skal knytast til anlegget må det søkjast om utvida utsleppsløyve. Kommunen vurderer at ei utviding av utsleppsløyve må handsamast etter reglane i forureiningsforskrifta kap 13. Nye vilkår kan verta sett.

## **Godkjenning etter anna lovverk:**

Plasseringa av leidning i sjø krev løyve etter hamnelova. Naudsynt løyve må innhentast frå Bergen og Omland Havnevesen.

Søknad om dispensasjon og løyve til tiltak etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak.

## VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve til felles avlaupsleidning i samsvar med søknad mottatt 05.09.2014 og på følgjande vilkår:

1. Utsleppsløyvet gjeld følgjande eigedomar:

148	2	Bustad	1
148	3	Bustad	1
148	4	Bustad	1
148	7	Bustad	2
148	8	Bustad	2
148	9	Bustad	1
148	10	Fritidsbustad	1
148	15	Bustad	1
148	20	Bustad	1
148	21	Fritidsbustad	1
148	33	Bustad.	1
148	35	Bustad	1
148	40	Bustad.	1

2. Avlaupet frå eigedomane skal førast til felles avlaupsleidning slik vist på kart datert 04.09.2015, mottatt 05.09.2014, og kart revidert 30.03.2015, mottatt 27.04.2015, der stikkeleidningar til den enkelte eigedom også er vist.
3. Avlaupet frå den enkelte eigedom skal reinsast i eigen slamavskiljar før det ert ført til felles avlaupsleidning. Det er ein føresetnad at eksisterande avlaupsanlegg med slamavskiljar, som framleis skal nyttast for den enkelte eigedomen, er i tilfredsstillande stand.
4. Kvar eigedom som er knytt til anlegget skal betala årleg gebyr for slamtømming i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
5. Eigedomane skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

## **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyvet er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

## **Ferdigstilling**

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

## **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

## **Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utslepp < 50 PE	1	Kr 5 300,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 300,

### Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunnngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6444

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Litleskare Avløpsanlegg	Interimstyret v/ Thor Litleskare	5911	ALVERSUND
-------------------------	-------------------------------------	------	-----------

### Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS		5914	ISDALSTØ
-------------------------	--	------	----------